

## Tokke kulturskule haust 2025

<b>VISUELL KUNST</b> <i>Lærer: Trine Storlien Sørensen</i>		
Stad	Tidspunkt	Klasse
Dalen	Torsdagar etter alder/erfaring: 14.00-15.00, 15.00-16.00	Frå 3.klasse
<b>PIANO OG SONG</b> <i>Lærer: Svetlana Sheytonova</i>		
Stad	Tidspunkt	Klasse
Dalen	Onsdag, torsdag og fredag frå 14.00	Frå 3. klasse
Høydalsmo	Tysdagar frå 14.30	Frå 3. klasse
<b>GITAR</b> <i>Lærer: Jardar Østbø Juberg</i>		
Stad	Tidspunkt	Klasse
Dalen	Onsdagar frå 14.00	Frå 3. klasse
Høydalsmo	Tysdagar frå 14.30	Frå 3. klasse
<b>SLAGVERK/TROMMER OG HARDINGFELE</b> <i>Lærer: Mattias Storås Cyvin</i>		
Stad	Tidspunkt	Klasse
Dalen	Måndagar	Frå 3.klasse
Høydalsmo	Måndagar	Frå 3.klasse
<b>KORPS OG MESSING</b> <i>Lærarar: Helga R. Jordan, Ragnhild Stigen, Siri Møller-Holst</i>		
Stad	Tidspunkt	Klasse
Dalen	Aspirantkorps: Onsdagar 14.00-15.00 Hovudkorps: Torsdag ettermiddag Messing-undervisning vekedagar etter skulen	Frå 3.klasse
Høydalsmo	Messing- og slagverkstimar måndagar Aspirantgrupper 14.30-15.30 og 15.30-16.30 måndag Hovudkorps: 18.00-19.30	Frå 3. klasse
<b>MUSIKKLEIK FOR DEI YNGSTE OG FOR BARNEHAGEBARN</b> <i>Lærer: Siri Møller-Holst</i>		
Stad	Tidspunkt	Klasse
Dalen	Tysdag 14.00-14.45 (5 år til 4.klasse)	Frå 5 år
Dalen	Tysdag 17.00-17.30 (barnehagebarn 3-4 år)	3-4 år
<b>BARNEDANS</b> <i>Lærer: Jori Gjelland Lid</i>		
Stad	Tidspunkt	Klasse
Dalen	Onsdagar 14.00-14.45	1.-4. klasse
<b>DRAMA OG TEATER</b> <i>Lærer: Jori Gjelland Lid</i>		
Stad	Tidspunkt	Klasse
Dalen	3.-5.klasse: onsdag 15.00-16.00 og 6.-10-klasse onsdag 16.00-17.00	Frå 3.klasse
<b>KVEDING – gruppe eller individuelt</b> <i>Lærer: Jori Gjelland Lid</i>		
Stad	Tidspunkt	Klasse
Dalen	Etter avtale, truleg onsdagar	Frå 3.klasse
<b>TOKKE SONGLAG</b> <i>Lærer: Svetlana Sheytonova og Helga R. Jordan</i>		
Songlaget øvar tysdagar 18.30-20.30 på Tokke kulturhus, og har plass til alle vaksne som likar å syngje!		
<b>KORTKURS SAUM OG/ELLER KULISSER (TIL STORFØRESTILLING)</b>		
Stad	Tidspunkt	Klasse
Dalen	Ved kapasitet, annonserast på heimesida og facebook ved moglegheit	Frå 5.klasse

**Obs! Undervisningsdagar og tider er førebelse. Endringar blir varsla til føresette. Tilbod som ikkje eksisterer i Høydalsmo eller dei andre grendane i Tokke kan opprettast ved nok søkjarar til disiplinen. Ved interesse hjå yngre elevar enn tilbodet seier, kan ein avtale prøvetimar og sjå korleis det fungerer for alle partar før ein eventuelt kan melde seg på fast.**



# Litt om tilboda våre

## Visuell kunst

I visuell kunst lærer du korleis du kan bruke kreative verktøy og hendene dine for å få dine idèar ned på papir. Hovudfokuset ligg på arbeid med pensel og blyant, men vi har også periodar med andre aktivitetar innanfor visuell kunst.

## Piano

Piano er eit populært instrument med lange tradisjonar. Som akkordinstrument eignar piano seg utmerka både aleine og saman med andre instrument.

## Slagverk

Slagverk er viktige instrument i alt frå pop- til korpsmusikk. Du vil lære å halde takta og å spele mange tøffe rytmar. Me lærar på øret, med notar, og korleis ein komponerer eller improviserer rytmar sjølv. Du kjem til å bli god på både skarptromme og trommesett, og vil også lære mange andre perkusjonsinstrument.

## Gitar

Gitar er eit anvendeleg instrument som du kan ha med deg over alt. Med litt erfaring kan du spele med andre, i band eller framføre songar aleine.

## Song

Stemma - fyrste instrumentet! Få opplæring i song-teknikk og stemmebruk og lær å synge dine favorittsongar av full hals. Du kan òg melde seg inn i Tokke songlag om du er vaksen og vil synge i kor.

## Barnedans

Dans og bevegelse med fokus på songleikar og turdansar for dei som vil bevege seg til musikk saman med andre!

## Musikkleik for dei yngste og for barnehagebarn

I musikkleiktimane driv vi både med song og rytme, instrument, dans og mykje meir. Delt i aldersgrupper skal vi utforske, lytte, spele, syngje, musisere og leike!

## Korps – og messinginstrument

Å spele i korps gjev deg høve til å lære å spele eit instrument i samspel med andre og individuelt. Du lærer noter, gehørspel, rytme, og ikkje minst, du blir ein del av eit musikalsk miljø der ingen står på sidelinja.

*Alle som spelar i korpset får også tilbod om eine- eller gruppetimar på instrumentet sitt. Ein kan òg melde seg på berre undervisning på messinginstrument eller slagverk.*

## Band

Har du ein draum om å starte band? Kulturskulen kan undervise og rettleie deg i dette arbeidet. Snakk med din kulturskule-lærer om du vil vere med i eit band-prosjekt.

**Eine- og gruppetimar på alle instrument:** Føresette og lærar avtalar saman kva tid som passar best. Tida rett etter skulen er reservert for dei som må ta bussen. Dei som har plass frå før på einetime får beskjed av lærar før oppstart av undervisning om det er endringar for tidspunktet av timen. Passar ikkje tidspunktet kan ein spørje lærar om å bytte. Dei som har einetimeundervisning kan få tilbod om å spele i band/kor/ensemble/korps i tillegg, dette informerer lærar om og lærar avgjer når eleven er klar for samspel.